



Det er mykje fint ein kan få kjøpt på AFA. Her er litt av utvalget (Foto: Thor Inge Døssland)

**Det var svært så god oppslutnad om AFA sin salscafé i dag. Alt då dørene opna kl.10 var dei første kundane på plass. At folk strøymde til utover dag var så velfortent for dei som stod bak tiltaket. Her var det gjort mykje godt førearbeid.**

Då dei opna var det alt gjort klart med eit rikhaldig og freistande kakebord. Her var det nok ikkje mange som kunne klara å gå att før dei hadde kosa seg med kaffi og kaker.

På kjøkkenet var Tove Anita Olsen, Inger Naterstad og Anne Karin Myhre godt i gong med at røra i risengrynsgrauten som skulle serverast litt seinare på dagen.

Trass i dette vart vi aller mest imponert over alle dei flotte produkta som var lagt ut for sal. Her var mykje flott både i tekstil og trearbeid. Her var nydelege fargar kombinert med godt handverk. Alt produsert på denne velsmurte bedrifta. For dei julegåvehandlande var dette eit ypperleg tilbod. Her var masse flotte gåvetips. Slikt som ein ikkje finn i alle butikkar, men eksklusive ting som ein berre finn på AFA AS. Dessutan var det gåver som var snille mot lommeboka.

Utover dagen strøymde det, som sagt, på med kjøpelystne kundar. Då vi var innom att ein time før stenetid var det så godt som fullsett rundt borda. Mange var kjende ansikt frå Uskedalen, men det var og eit svært stort innslag frå andre bygder. Nokre kosa seg med graut, andre med kaffi og kaker. Dei fleste valde nok likevel begge deler. Rundt borda var det mykje vellæte. Både grauten og kakene vart tildelt høgste karakter.

Anne Karin Myhre og Inger Naterstad var hovudansvarlege for salscaféen. Begge gav uttrykk for at dei var storfornøgde med både framme, stemning og sal. Det har dei all grunn til, for saman med dei gode medhjelparane sine stelte ei førjulsstund som dei hadde fullklaff med.

Dersom nokon ikkje hadde høve, til å gå på salscaféen, er det likevel mogeleg å handla julegåver på AFA. Det er framleis mykje fint att, og ein kan besøkja verksemda i den vanlege opningstida.

Av Thor Inge Døssland



Fleire hadde funne vegen til AFA på laurdag føremiddag. (Foto: Thor Inge Døssland)